

Fritak frå driveplikt

Dersom du ikkje får leigd ut jorda, kan kommunen gje fritak frå driveplikta. Det kan setjast vilkår for fritaket, t.d. tidsavgrensing og bruk av beitepussar. Du kan også søkje om å få redusert avtaletida til mindre enn 10 år.

I handsaminga av slike søknader vil kommunen leggje vekt på kor viktig det er å halde jordbruksarealet i hevd, bruksstorleik, lønsemd og om det er andre i nærleiken som treng tilleggsjord. Det skal også leggjast vekt på søkjar sin livssituasjon.



Foto: Kari Elsa des Bouvrie, Statsforvaltaren i Vestland



Foto: Bort van Gool

Informasjon og rådgjeving

Ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen om du treng:

- informasjon om etablering av ny drift på eigedomen
- rådgjeving, før du gjer avtale om utleige av jordbruksareal.

Meir om regelverket finn du på:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/driveplikt>

I Bondeboka finn du også svar på spørsmål knytt til å eige og drive gard. Boka er spesielt laga for landbruket i Vestland: <https://www.bondeboka.no/>



Foto: Øyvind Vatshelle, Statsforvaltaren i Vestland

Jord i drift

Driveplikt og jordleige



Statsforvaltaren i Vestland



Driveplikt

Når du eig eit jordbruksareal, har du ansvar for å forvalte det godt og sørgje for at det er i drift. Driveplikta gjeld for heile eigartida. Dette går fram av jordlova § 1 og § 8.

Har du nyleg teke over ein eigedom med jordbruksareal, må du innan eitt år avgjere om du vil drive jorda sjølv eller få andre til å drive. Jorda skal haldast i hevd, og hovudregelen er at alt jordbruksareal skal haustast og kultiverast årleg. Bruk av beitepussar er åleine ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle driveplikta.

Jordbruksareal

Jordbruksareal er:

- fulldyrka jord
- overflatedyrka jord
- innmarksbeite.

Det er driveplikt på jordbruksareal, uavhengig av storleiken på eigedomen.

Du finn kart og arealopplysingar om eigedomen din på:
<https://gardskart.nibio.no/search>



Foto: Egeydis Linder, Statsforvaltaren i Vestland

Markedshage i Marifjora i Luster i Vestland. Småbruk med allsidig økologisk matproduksjon



Foto: Øyvind Vatshelle, Statsforvaltaren i Vestland

Ugras og kratt tek over når arealet ikkje er i drift. Etterkvart tek skogen over.



Foto: Øyvind Vatshelle, Statsforvaltaren i Vestland

Jord i drift

I Norge er berre 3 % av landarealet vårt jordbruksareal. Dette er svært lite, samanlikna med andre land. Det er stor semje om at vi skal auke norsk jordbruksproduksjon og sjølvforsyning.

Skal vi produsere meir mat og trygg mat, må vi ta vare på jordbruksareala våre, og sørgje for at mest mogeleg av jorda er i drift.

Det er også andre gode grunnar til at jordbruksareala våre skal drivast:

- Jordbruksdrift skapar verdiar, som arbeidsplassar, busetjing og gode lokalsamfunn.
- Eit aktivt landbruk produserer miljøgode, som bevaring av biologisk mangfald og eit ope kulturlandskap.
- Aktiv jordbruksdrift hindrar attgroing og nedbygging av jordbruksareal.
- Når tapt jordbruksareal skal erstattast med nydyrking aukar utsleppet av klimagassar.
- Dyr på beite medverkar til god dyrevelferd.

Jordleige

Du kan oppfylle driveplikta ved å leige ut jorda til ein eller fleire leigetakarar. Du kan også velje å drive delar av eigedomen sjølv. Etterspurnaden etter leigejord kan variere frå område til område. Du kan ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen for å undersøke om dei har kjennskap til gardbrukarar eller andre som ynskjer å leige jord til jordbruksproduksjon.

Skal andre drive heile eller ein del av eigedomen din, må de inngå ei avtale om dette. Avtala skal vere skriftleg, gjelde for minst 10 år om gongen og føre til driftsmessig gode løysingar. Du må sende kopi av avtala til kommunen. Kommunen skal vurdere om avtala oppfyller krava i lova.

Ei skriftleg og langsiktig avtale er bra, både for eigar og leigetakar. Avtala gjer det lettare å drive og å investere i tiltak, som til dømes gjerding og drenering. Finansiering av landbruksbygg og nye frukt- eller bærfelt krev skriftlege, og langsiktige jordleigeavtaler (minimum 10 år).

Også ved utleige er det eigar som har ansvaret for at jorda vert driven.